



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

05.09.2025

Vår ref:

2019/8365

Dykkar dato:

11.06.2025

Dykkar ref:

202403330

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om forlenga byggjefrist - Sagaelva kraftverk - Kinn

Statsforvaltaren konstaterer at kunnskapsgrunnlaget om naturmiljø er basert på utgått metodikk, men at dette truleg ikkje vil ha særlege konsekvensar i saka. Det bør derimot leggjast føringar om eventuelle restriksjonar i anleggsfasen for å kunne ivareta raudlistearten hubro.

Vi viser til høyringa av søknad om utsett byggjefrist for Sagelva kraftverk, og vi må beklage at vi svarar nokre dagar etter høyringsfristen.

Våre merknader

Miljørapporten som låg til grunn for konsesjonen var basert på feltkartlegging i mai 2014. Det blei ikkje påvist raudlistearter eller viktige naturtypelokalitetar, og konsekvensen av ei eventuell utbygging blei vurdert som liten negativ.

Det er elleve år sidan kartlegginga, og det har kome nye metodikkkrav for naturkartlegging. Ideelt sett burde derfor konsekvensane for naturmiljøet bli kartlagt/vurdert på nytt etter gjeldande rettleiar. Med bakgrunn i at tilgrensande område blei kartlagde i 2023 i samband med frivillig skogvern, ser vi likevel ikkje behov for ei ny kartlegging i dette tilfellet. Resultatet av skogkartlegginga tilseier heller ikkje ei endra vurdering av saka frå vår side.

Vi minner om at det kom fram i konsesjonsprosessen at utbygginga kunne kome i konflikt med hubro, som er påvist i nærområdet. Ut frå kunnskapsgrunnlaget den gongen fant NVE likevel ikkje grunnlag for å leggje føringar i konsesjonen om eventuelle restriksjonar i anleggsperioden.

Vår vurdering i dag er at støyande aktivitet som sprenging kan kome i konflikt med aktuell hekkeplass. Det kan derfor bli nødvendig å sette vilkår om å unngå støyande aktivitet i hekketida, dersom det blir gitt utsett byggjefrist for Sageelva kraftverk.

Vi ber om å få detaljplanen på høyring. Vi vil då kunne bidra med oppdatert kunnskap om hubroen i området som grunnlag for meir spesifiserte føringar.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kinn kommune
Vestland fylkeskommune

postboks 294
Postboks 7900

6701
5020

MÅLØY
BERGEN